Ordrett, s. 28

# SPRÅKNYTT

UTGITT AV SPRÅKRÅDET
40. ÅRGANG 1/2012

- Omsetjing av faste uttrykk, s. 18
- Termbasen SNORRE, s. 22 og 24
- Det løner seg å klage!, s. 26
- Kva ord slår igjennom?, s. 32

Språkrådet

# LEIAR



## Kjære lesar!

Denne vinteren har vi blitt minte om kor mykje engasjement som ligg på lur når språk skal debatterast. Eit framlegg frå Utdanningsdirektoratet om å senke ambisjonsnivået for opplæringa i sidemål har vekt oppsikt og ført til fleire gode diskusjonar. Rimelegvis har òg sterke kjensler kome til uttrykk. Nokre er glade for framlegget. Dei minnest norsktimar med terping av bøyingsmønster som dei ikkje klarte å motivere seg for å lære ordentleg. Stemninga i klassen var at dette var noko ein aldri kom til å få bruk for seinare. Kan hende bidrog jamvel læraren til den stemninga. Andre blir såra og fortvilte og tenkjer at dette er eit åtak på språket deira. Det er ikkje til å kome ifrå at meiningar om eit språk (eller, som her, ei målform) lett blir oppfatta som meiningar om dei som bruker språket.

Vi i Språkrådet følgjer med på diskusjonen og engasjerer oss, vi òg. For oss er det dei språkpolitiske sidene av saka som står i sentrum. Oppdraget vårt frå stortingspolitikarane er å arbeide for at det norske språket – og det omfattar både bokmål og nynorsk – skal sikrast som fullverdig og samfunnsberande språk på alle samfunnsområde i Noreg. Vi har gått imot framlegget frå Utdanningsdirektoratet. Årsaka er at den målforma som er mest utbreidd som sidemål, nemleg nynorsk, lett kan bli skadelidande viss dei fleste elevane skal lære endå mindre av ho enn i dag. Vi har òg til gode å bli overtydde om at elevane blir betre til å skrive på hovudmålet sitt om dei ikkje lenger skal få skrivetrening på sidemålet. Vi har meir tru på tiltak som kan auke motivasjonen hjå bokmålselevar for å lære seg å skrive nynorsk. Det er gjort gode pedagogiske forsøk dei seinare åra. Og nynorsken kan bli meir synleg i samfunnet. Her kan statsorgana utrette mykje ved å følgje reglane i mållova.

Mållova er emne for ein av artiklane i dette nummeret av Språknytt. Elles finn du mykje om termar og andre ord. God lesnad!

Vennleg helsing



# INNHALD 1/2012


**AKTUELT**

6 **Intervjuet**

10 **Klart språk i heile verda**

14 Norsk språkråd ble opprettet for 40 år siden

17 **Språkbrukaren**

**INNSIKT**

18 Oversettelse av faste uttrykk

22 Termbasen SNORRE

24 SNORRE fra et brukerperspektiv

26 Det løner seg å klage!

28 Monopol på ord

32 Ordene som vinner

# LESARSPØRSMÅL

Har du eit språkspørsmål som du vil at vi skal ta opp i denne spalta, kan du sende oss ein e-post. Adressa er: sporsmal@sprakradet.no.
Skriv «Lesarspørsmål» i emnefeltet.

**Spørsmål: Hvorfor bruker vi Myanmar som offisielt navn i stedet for Burma?**

**Svar:** Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim skrev i desember om temaet på www.nyemeninger.no, der han gir svar på spørsmålet:

«Burma var navnet britene ga landet de koloniserte på attenhundretallet. Navnet er en anglifisering av det myanmarske navnet på landet. I 1989 endret regimet det engelske navnet på landet til Myanmar, som ligger tettere opp til hvordan befolkningen uttaler landets navn på sitt eget språk. På myanmarsk har landets navn altså aldri vært hverken Burma eller Myanmar, da begge er romaniserte former av et myanmarsk ord. For mange i Myanmar vekker Burma assosiasjoner til kolonitiden, da de var underlagt britene.

Navnet Myanmar er benyttet som FNs offisielle benevnelse på staten. I ASEAN og regionen for øvrig, samt i en rekke land verden over, brukes også kun Myanmar. I og med at endringen til Myanmar ble vedtatt av det tidligere militærregimet, har den til dels vært kontroversiell i Vesten. I norsk rett har denne situasjonen blant annet vært gjenspeilet ved den kombinerte bruken av uttrykksformen Burma (Myanmar) i *forskrift om særlige tiltak mot Burma (Myanmar)*, fastsatt 4. juli 2003. Også Myanmar (Burma) har blitt brukt, blant annet i omtalen av landet på www.regjeringen.no.

I løpet av de siste årene har Myanmar blitt innarbeidet hos stadig flere. De fleste internasjonale mediehusene, som Reuters, AFP og AP, har brukt det i mange år allerede. Språkrådet opererer nå med Myanmar og adjektivformen myanmarsk. At norske myndigheter fra mai 2011 konsekvent har brukt Myanmar, skyldes også den stadig økende kontakten mellom våre to land som følge av den positive utviklingen vi nå ser i landet. Landet er ikke lenger et militærdiktatur, og vi velger å bruke det navnet som de selv har valgt. Samtidig har Norges holdning praktiske årsaker. Det er enklere å forholde seg til ett navn per land.

Det er også viktig å huske på at navneendringen i Myanmar ikke er unik. Afrikanske land og indiske byer har endret navn, for eksempel Bombay, som nå heter Mumbai. Navneskiftet i Mumbai følger et mønster i India: Flere byer har skiftet navn til et som ikke kan knyttes til landets fortid som koloni.»

Språkrådet noterer seg at Myanmar er det offisielle navnet. I vår rådgivning vil vi også opplyse om at navnet Burma nå har status som tidligere offisielt navn.

**Spørsmål: Kva er skilnaden mellom *verken* og *hverken* og mellom *viss* og *hvis*?**

**Svar**: Tradisjonelt har nynorsken vore meir varsam enn bokmålet med å ta inn lånord, men det er ikkje eit forbod mot lånord – heller ikkje frå (låg)tysk, dansk eller bokmål. Som i dei fleste andre skriftspråka får lånorda tilpassa skrivemåten i nynorsk rettskriving. Tidlegare var det eit poeng å samordne bokmåls- og nynorskrettskrivinga mest mogleg, slik at både bokmål og nynorsk til dømes fekk skrivemåten *verken*, der dansk har *hverken*. Etter rettskrivingsendringane i bokmål frå 2005 kan ein bruke både *hverken* og *verken*, men på nynorsk *verken* eller *korkje*. H-en i dansk *hverken* representerer ein tidlegare uttale. Men med eit ord som *hvis* (bokmål *hvis* eller *viss*) er det annleis. Dette ordet er lånt frå lågtysk *wes* og har altså aldri hatt nokon h-uttale på norsk eller dansk.

Er det viktige tydingsskilnader mellom substantivet *verken* og konjunksjonen *verken* og mellom adjektivet *viss* og konjunksjonen *viss*? Ja, det er det sjølvsagt, men det er all grunn til å tru at desse skilnadene trer tydeleg fram så snart vi ytrar ei setning. Dette gjeld både skriftleg og munnleg.

**Spørsmål: Skal *Kyrre* og *valkyrje* uttales med k-lyd eller kj-lyd?**

**Svar**: Ord som *Kyrre* og *valkyrje* vil etter vanlige uttalemønster uttales med kj-lyd. Tilsvarende representerer g-en i *geit* og *Giske* en j-lyd. Historisk har altså k-lyden og g-lyden blitt til kj-lyd og j-lyd framfor fremre vokaler og diftonger: *e, æ, ø, i, y, ei, øy*. Denne utviklinga skjedde egentlig både i svensk, norsk og dansk, men i dansk har den seinere gått tilbake.

Da Ivar Aasen skulle utforme norsk rettskriving, tok han utgangspunkt i den danske rettskrivinga, der de på den tida skreiv *i* eller *j* framfor *e, æ* og *ø*, men ikke framfor *i* og *y* (nydansk har jo ikke diftongene *ei* og *øy*) for å markere palatal uttale av *k* og *g*.

Den første som sløyfet i-en eller j-en i moderne dansk rettskriving, var faktisk Henrik Ibsen i *Gengangere*. Det gjorde han både for å nærme seg svensk rettskriving og fordi det ikke lenger var palatal uttale i disse orda på dansk.

Hadde dansk rettskriving på 1800-tallet vært som den er i dag, er det altså ikke usannsynlig at vi i Norge for eksempel ville ha skrevet *gemme*, *gømme*, eller *gøyme* i stedet for *gjemme*, *gjømme* eller *gøyme*.

Når vi nå også kan høre *Kyrre* og *valkyrje* uttalt med k-lyd, skyldes nok det leseuttale. Denne uttalen kan oppstå fordi det ikke lenger er automatikk i at de fremre vokalene og diftongene fører til at konsonanten foran blir palatal.

# NYORD

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet. Dersom vi rår til eller rår frå å bruke eit ord, vil vi nemne det uttrykkjeleg.

**bokkloking** *Årets ditt og årets datt. Vi blir visst ikkje kvitt den årlege gnålinga i pressa. Det er eit populærkulturelt uttrykk som går omtrent slik som dette: Kan du ikkje slå dei – bli med dei. I staden for å irritera seg yver medias iver, kan vi utfordra dei. Eg tykkjer vi skal ha som mål å få kåra ordet bokkloking som årets ord 2012. Om vi går i gang no, kan vi greia det. Døme: – Kva gjorde du på i går? – Nei, ikkje så mykje, eg dreiv med litt bokkloking. Eller: – Sjå på han kroppen som står der borte og høgg ved. – Ja, skal tru om han ikkje er ein skikkeleg bokkloking.*

Dag og Tid 9.12.2011, i spalta «Klok på bok»

**glanekø** *Kjedekollisjonen på E18 fredag skapte lange køer i ettermiddagsrushet. [...] Ifølge Vegtrafikksentralen var to av tre felt i 17.15-tiden sperret mens bergingsarbeidet pågikk, og dette skapte køer tilbake til Sandvika. Også i retning Oslo skapte ulykken såkalt «glanekø» av skuelystne forbipasserende.*

Budstikka 19.11.2011

**halal-turisme** *Det muslimske brorskapet og de ultrakonservative salafistene fikk over 60 prosent av stemmene i første valgomgang i starten av desember, og salafistene er spesielt bestemte på å innføre strenge lover i Egypt. Begge har varslet at turisme og bikinier ikke hører hjemme på Egypts strender, og den innflytelsesrike presten Yasser Bourhami tar til orde for «halal-turisme». – Et femstjerners hotell uten alkohol, en strand for kvinner som er atskilt fra mennenes strand i en bukt der begge sider kan nyte en ferie uten synd. Turistene trenger ikke å svømme i bikinier og skade ungdommen vår, sier Bourhami.*

NRK.no 14.12.2011

**kostnadspraktisk** *For at Breivik skal kunne fremstilles for retten, må politiet sette i gang et enormt sikkerhetsopplegg. Spesialtrente politifolk fra Deltatroppen kjører ham til og fra retten, og bevæpnede politifolk må bevokte rettssalen. – Det er svært kostnadspraktisk for oss å fremstille ham for fengsling via videooverføring, siden vi slipper det enorme sikkerhetsoppbudet, sier [politiadvokat Christian] Hatlo.*

VG Nett 25.10.2011

**mangesyn** *Som filosofisk teolog er Syse heilt utan skarpe kantar. Her er ikkje eit fnugg av Kierkegaard eller presten Brand og deira anten-eller-teologi. Syse er ein meister i å sjå ei sak frå fleire sider, for til slutt å kunna harmonisera alle tillaup til motsetnad. Medan Vinje hadde tvisyn, slik at han såg det svarte på baksida av det kvite, har Syse mangesyn, slik at han ser kvar farge som del av ein fargerik, harmonisk regnboge eller fellesskap.*

Dag og Tid 16.12.2011

**smørkø** *En nasjon i nød?: Fredag var det smørkø på Karl Johansgate i Oslo sentrum. Slagter Winther fra Hirtshals sto for smørutdelingen, som var arrangert i et samarbeid mellom dansk og norsk TV, i forbindelse med smørmangelen i Norge.*

Dagbladet.no 11.12.2011



# Rom for tolking

■ TEKST OG FOTO: ERLEND LØNNUM

Politimeister Ellen Katrine Hætta forsvarer retten til eit språk som er tolka korrekt, og vurderer rettstryggleiken med eit kritisk språkblikk. – Språket representerer tryggleik og identitet og kan vere avgjerande for utfallet av rettssaker, seier juristen. Ho spør seg kor godt dommarar, advokatar og tolkar eigentleg kjenner samisk språk og kultur.

– Eg kjem aldri til å gløyme den unge samiske guten som var tiltalt for eit lovbrot han openbert hadde gjort seg skyldig i, og som gret av glede da han oppdaga at det var eg som var aktor i saka. «Du skjøner i alle fall kva eg seier», ut-

braut han. For han visste i den augeblinken at eg som samisktalande faktisk ville forstå nett kva han meinte, fortel Hætta. Og dette er ikkje det einaste dømet på at dei tiltalte gruer seg til rettargangen fordi dei er redde for å bli misoppfatta.

## På tryggleiken laus

– Det er vanskeleg å få sjølv fagfolk til å forstå kor viktig det er med presis tolking i retten. Det gjeld ikkje minst mellom samisk og norsk. Også eg kunne trenge tolk i ein rettsleg samanheng, avslører Noregs første samiske politimeister, som har samisk som morsmål, finsk som andrespråk og norsk som tredjespråk frå ho gjekk på skolen. I rettssalen hender det at ho kontrollerer og jamvel korrigerer tolkane, både på samisk og finsk, og det har til og med hendt at ho har bede retten om å byte tolk.

– Tolkinga er ikkje alltid like god, og det går ut over rettstryggleiken, sjølv om det har blitt litt betre med åra, seier Hætta. Ho meiner at tolking av juridisk språk burde bli eit eige fag ved høgskolane, og at tolkefaget generelt fortener større vørdnad.

– Det er urovekkjande om kulturaspektet forsvinn i omsetjinga mellom språka som blir brukte i rettssalen. Det kan medverke til at retten feller dommar på gale grunnlag, fordi språktolking ikkje alltid er nok i kommunikasjonen. I tillegg kan eit komplisert samisk juridisk språk i seg sjølv vere eit trugsmål mot rettstryggleiken, åtvarar Hætta.

## Historisk statsadvokat

Ellen Katrine Hætta er fødd og oppvaksen i Kautokeino, med ein bestefar som var tolk i retten, og som lærte ho at «kielta on voima», «språk er makt». Ho er utdanna jurist frå Universitetet i Tromsø og har ti års røynsle frå politiet og påtalepraksis for norske domstolar, frå lågaste instans til Høgsterett, mellom anna som den første og hittil einaste samiske statsadvokaten i Noreg. For eitt år sidan blei ho i statsråd utnemnd til politimeister i Østfinnmark politidistrikt.

Det er framleis berre ved domstolen i Indre Finnmark tingrett i Tana det er mogleg å prosedere på samisk.

– I Tana fungerer det godt sidan sorenskrivaren er samisk og kjenner samisk språk og kultur. Men heller ikkje der er det alltid like greitt ved simultantolking mellom samisk og norsk. For det er no ein gong slik at norsk er utgangspunktet. Og då blir det så som så med klarleik og presisjon, seier Hætta.

Ho har sjølv eksaminert vitne og tiltalte på samisk, mest i tingretten i Tana, men òg for Hålogaland lagmannsrett i Tromsø. Elles har ho berre éin gong valt å halde prosedyren på førstespråket sitt.

– Det var frigjerande å kunne prosedere på mitt eige morsmål, ei reint ut ubeskriveleg kjensle. Saka blei tolka si-

**ELLEN KATRINE HÆTTA**

Ellen Katrine Hætta er politimeister i Østfinnmark og Noregs første samiske statsadvokat.

> «Det er vanskeleg å få sjølv fagfolk til å forstå kor viktig det er med presis tolking i retten.»

multant, og eg merka raskt at forsvararen til den tiltalte ikkje skjønte det tolken sa. Då meiner eg at den tiltalte ikkje har fått eit godt nok forsvar. Hadde det ikkje vore for at han blei frikjend, hadde eg måtta anke dommen for å hindre urett, innrømmer Hætta. Etter denne opplevinga har ho ikkje prosedert meir på samisk, av omsyn til tryggleiken til dei samisktalande tiltalte.

«Vi må ikkje gløyme at vi har eit samisk språk å ta vare på!»

## Mykje mellom linjene

På samisk seier ein ikkje nødvendigvis alt ein tenkjer. Meininga er ofte underforstått og blir uttrykt også med blikk, rørsler og ansiktsuttrykk.

– På norsk seier ein gjerne at den som teier, samtykkjer. På samisk er det snarare tvert om. Togn kan til dømes vere uttrykk for at ein ikkje vørder det som er sagt. Samisk er eit langt meir ikkje-uttalt språk enn norsk, og det er det mange som ikkje veit, forklarer Hætta.

– Den største bøygen er at så mange i nord trur at dei kjenner og forstår samisk kultur godt, truleg fordi kulturane lever så tett på kvarandre. Sjølv om vi har eit anna språk og ein annan kultur, ser vi ikkje så annleis ut. Til dømes er det vanleg å oppfatte Noreg som eit einspråkleg land, sjølv om det ikkje er tilfellet. Vi må ikkje gløyme at vi òg har eit samisk språk å ta vare på!

## Skilnader på samisk og norsk

Hætta har fleire døme på at skilnadene mellom språka kan skape forvirring i rettsleg samanheng: Ein oppkava same ringjer til politiet og fortel at huset hans har brunne ned. Farga av samisk språkstruktur kan han kome til å seie at «Æ har brent huset mitt». Ein norsk mottakar kan oppfatte dette bokstaveleg som at den tiltalte har tent på sitt eige hus. Så spør mottakaren: «Kvifor har du brent huset?» Dette spørsmålet er så dumt at den tiltalte ikkje vørder det. I ein rettssal kan slike mistydingar avgjere utfallet av saka.

Eit anna døme er verbet *plagast*, som har ei langt vidare tyding på samisk enn på norsk. Om ein same etter ein biltur utbryt at «Æ plagdes på turen min», kan det tyde alt frå at han har punktert, til at passasjeren døydde.

Ordet *tilståing* byr på ei anna språkleg utfordring. Det blir omsett til samisk med *dovddastus*, som tilnærma tyder 'vedkjenne syndene sine', og som er knytt til bibelsk språk.

– Det er eit altfor sterkt og ladd uttrykk for noko så konkret og viktig som ei tilståing. Kanskje det er noko av grunnen til at så få samar ønskjer å tilstå jamvel dei mest openberre lovbrot? spør politimeisteren.

«På norsk seier ein gjerne at den som teier, samtykkjer. På samisk er det snarare tvert om.»

Slike omstende gjer rettargangen unødig innfløkt fordi det gjerne endar med ordinære hovudforhandlingar i

staden for ein forenkla rettargang med ein enkel tilståingsdom mellom dommaren og den tiltalte. Hætta ønskjer derfor å betre terminologien for å gjere innhaldet klarare og meir praktisk brukeleg.

## Juridiske termar på samisk

Hætta har sidan 2004 delteke i prosjektet Samisk lovspråk i Tana kommune. Prosjektet er ein sentral del av nettverksbedrifta Samisk nærings- og utredningssenter (SEG), der dei arbeider for å styrkje samisk språk, kultur, næringsutvikling og samfunnsliv gjennom rådgiving, utgreiing og kunnskapsformidling. I Samisk lovspråk utviklar dei nordsamisk rettsterminologi ved å omsetje og modernisere gamle ord og lage nye ord som kan brukast i rettssalen og i lovomsetjingar. Prosjektet har knytt til seg ressurspersonar med både juridisk og språkleg kompetanse, mellom anna i norsk, samisk, finsk, svensk og latin.

– Samisk er eit rikt språk med eit stort ordtilfang, og det er mykje som er nedskrive, men som ikkje er i dagleg bruk. Det har hittil mangla ei rekkje samiske juridiske omgrep, og det er i seg sjølv eit kulturtap. Derfor har prosjektet utarbeidd ordlister på nett, som allereie blir brukte flittig både av pressa og rettsapparatet. Og det fører i alle fall til eit klarare og meir presist språk, forsikrar Hætta.

## Klarsynt

– I samfunnet i dag er det ikkje mange nok fagpersonar som meistrar både juss og språk godt nok til å syte for ei god og rettssikker utvikling. Det finst riktig nok ein del språkjuristar i FN-systemet, men førebels ingen samiske. Eg vonar at heva status for språkarbeid vil kunne hjelpe på sikt, seier den språkinteresserte juristen, som i haust heldt foredrag om samisk språk i norsk rett under ein nordisk klarspråkskonferanse på Island.

– Det å vere jurist handlar nemleg òg mykje om språk, ikkje minst retorikk. Eg har blitt meir språkmedviten med åra, rett og slett fordi språk er så viktig. Ikkje minst veit eg at klart og presist språk er grunnleggjande for jussen. Det er viktig med klarspråk på alle samfunnsområde, for nesten ingen les det i lita skrift lenger, meiner Hætta. Ho understrekar samstundes at kravet til klarspråk ikkje må vere for strengt.

– Vi må passe på at klarspråket ikkje går ut over rettstryggleiken og kulturen. Særleg må vi vere varsame når vi forenklar og omset juridiske tekstar, så det ikkje øydelegg innhald og presisjon. Og vi må godta at det trengst ein del overordna og generelle omgrep i fagspråket som ikkje utan vidare lèt seg forenkle.

«Kravet til klarspråk må ikkje gå ut over rettstryggleiken og kulturen.»

# Klart språk i heile verda

TORUNN REKSTEN

Verdas nest største klarspråkskonferanse gjekk av stabelen i Oslo 14. februar, med dr. Neil James frå Australia som hovudtalar. – Eg er litt misunneleg på det de har oppnådd i Noreg dei siste åra, ikkje minst fordi de har eit prosjekt som «Klart språk i staten» med forankring i regjeringa, innrømmer James.

Neil James er klarspråksekspert og dagleg leiar for konsulentselskapet Plain English Foundation. Selskapet arbeider for eit klarare og meir etisk offentleg språk i Australia og med å utvikle fagfeltet klarspråk internasjonalt.



*Neil James fortel om klarspråksarbeidet i Australia. Foto: Svein Arne Orvik*

–Australia hadde eit offentleg klarspråksprogram, men det fall bort etter regjeringsskiftet i 1996. Vi skulle gjerne hatt offentlege styringsdokument, ein anerkjent klarspråkspris, offisiell nettstad og offentleg finansiering, slik som i Noreg, seier James.

## Fagfeltet klarspråk

Internasjonalt er fagfeltet klarspråk i rask utvikling, og det vinn tilhengjarar både i det offentlege og i privat næringsliv. Dei siste åra er det næringslivet som har drive klarspråksarbeidet i Australia framover. Det er vanleg å bruke klarspråk som eit marknadsføringsverktøy, og stadig fleire kan dokumentere at dei sparer tid og pengar på å skrive klart og tydeleg.

– At fagfeltet er i utvikling og framgang, fører òg med seg nokre utfordringar. Det er til dømes fare for at klarspråksinstitusjonar ikkje klarer å utvikle seg i takt med etterspurnaden. Vi treng fleire forskingsresultat, formelle standardar, eit godt samarbeid med universitet og høgskular om forsking og utdanning og helst ei internasjonal sertifiseringsordning, seier James.

For å møte utfordringane er det sett ned ei arbeidsgruppe, International Plain Language Working Group, som arbeider

med dei vanskelegaste spørsmåla på klarspråksfeltet. Gruppa består av tolv klarspråksekspertar frå ti land med Neil James som leiar.

## Internasjonal erfaring

Arbeidsgruppa har samla erfaring frå klarspråksarbeid i heile verda og har funne ein del fellestrekk og universelle suksessfaktorar. Resultata viser at klarspråksarbeidet i eit land bør gå føre seg på tre nivå om det skal lukkast. I tillegg til utvikling på fagnivået må det vere initiativ og støtte frå sentralt hald, helst på regjeringsnivå, og dessutan støtte i verksemdene.

– På toppnivå trengst forsking, ressursar, motivasjonstiltak og styringsdokument. Eit sentralt organ bør arbeide med å utvikle gode retningslinjer, samle erfaring, organisere konferansar og forelesingar og tilby ressursar som publikasjonar, verktøy, opplæring og nettverk. Vidare kan organet bidra med insentiv som støtteordningar, prisar og marknadsføring. Aller best er det også om regjeringa utarbeider direktiv, innfører rapporteringskrav eller til og med vedtek ei lov om klarspråk, slik dei har gjort i USA, Sør-Afrika og Sverige, konkluderer James.

På organisasjonsnivå har arbeidsgruppa ikkje funne nokon ideell modell som kan fungere for alle verksemder, men nokre trekk går att blant dei verksemdene som har lukkast.

– Undersøkingar viser at andre etatar har lukkast med klarspråksarbeid, og at arbeidet er forankra i leiinga, samstundes som verksemda har eldsjeler internt som vil og kan drive arbeidet. Dei mest vellukka tiltaka er intern opplæring og nye rutinar og malar. Klarspråksarbeid er spesielt viktig for verksemder som har avdekt intern svikt, medan kritikk utanfrå viser seg å vere mindre viktig, oppsummerer James.

## Noreg og verda

Lærdommen frå arbeidsgruppa stemmer godt med erfaringar frå Noreg. Ein fersk evalueringsrapport viser at prosjektet «Klart språk i staten» er ei viktig drivkraft. Hittil har 48 verksemder fått til saman ca. fem millionar kroner i støtte til arbeid med klarspråk, og over 4000 offentleg tilsette har gått på klarspråkskurs. Også dei som ikkje har fått støtte, opplyser at prosjektet er den viktigaste årsaka til at dei har sett i gang klarspråksarbeid i sin eigen organisasjon.

– Det er tydeleg at Noreg har hatt suksess med det sentrale klarspråksprosjektet, for mange verksemder kan vise til gode resultat av språkarbeidet. No er nok tida moden for at verksemdene sjølve tek tak. Men de må for all del ikkje gjere same feilen som Australia gjorde, nemleg å ta vekk den sentrale forankringa, åtvarar James.

Prosjektet «Klart språk i staten» arbeider for betre og meir forståeleg språk i det offentlege. Prosjektet er eit samarbeid mellom Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Språkrådet og er finansiert av Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Du finn meir informasjon om prosjektet på nettstaden www.klarspråk.no / www.klarsprak.no.

Torunn Reksten er rådgjevar i Språkrådet, språktenesta for statsorgan.

# KORT

## Møt språkdirektøren på Twitter



«Hvordan styrker vi best det norske språket og språkmangfoldet?» Arnfinn Muruvik Vonen stiller spørsmålet til alle på sin ferske profil i nettsamfunnet Twitter.

– Jeg tar gjerne en frisk debatt om språk og språkbruk, og jeg tar også gjerne imot innspill til arbeidet i Språkrådet, sier Muruvik Vonen.

Han vil bruke Twitter til å synliggjøre og videreutvikle Språkrådets arbeid. Profilen er tilgjengelig for alle, så du trenger ikke å ha egen Twitter-profil for å lese det språkdirektøren skriver.

Se http://twitter.com/amvonen. Fra før har Språkrådet en generell profil: http://twitter.com/sprakradet.

## Temanummer om Knud Knudsen

I neste nummer av Språknytt retter vi oppmerksomheten mot riksmålets og bokmålets far, overlærer Knud Knudsen. I år er det 200 år siden han ble født.

Språkmannen og skolereformatoren Knud Knudsen (1812–1895) var den viktigste pådriveren bak den gradvise fornorskingen av det danske skriftspråket som ble brukt i Norge på 1800-tallet, den ene av de to hovedlinjene i norsk språkutvikling. Hans betydning for språkhistorien er sånn sett like stor som Ivar Aasens.

Språknytt ønsker å belyse temaet fra flere sider: Eric Papazian skriver om målstreveren og målpuristen Knudsen, Egil Børre Johnsen om skolereformatoren Knudsen, Finn-Erik Vinje om grammatikeren Knudsen, Arne Torp om skandinavisten Knudsen og Erlend Lønnum om forholdet mellom Ibsen og Knudsen. Temanummeret kommer ut i begynnelsen av juni og vil også inneholde intervju og mye aktuelt stoff.

## Nytt om nynorskrettskrivinga

Frå og med august 2012 gjeld den nye rettskrivinga i nynorsk. *Nynorskordboka* vil då vere oppdatert på nett. For å informere om den nye rettskrivinga vil Språkrådet setje i verk fleire tiltak:

Vi held kurs for lærarar, offentleg tilsette, språkkonsulentar o.a. om endringane i den nye rettskrivinga. Skriv til post@sprakradet.no dersom du vil delta på kurs.

I juni vil vi ha nye nettkurs i nynorsk klare på www.sprakradet.no, eitt for statstilsette og eitt for skuleelevar.

Vi lagar ein brosjyre til alle skular om dei viktigaste endringane i rettskrivinga. Brosjyren kan du også finne på www.sprakradet.no i juni.

## Talestyring av nettsider

Språkrådet har delteke i eit prosjekt der målet var å undersøkje om brukarar som har problem med å lese og skrive, kan gjere seg betre nytte av tenester på nettet om dei kan styre søkinga med talen. Prosjektet «stemmestyrt multimodal dialog» (SMUDI) blei leidd av MediaLT AS.

Språkressursane etter det konkursramma Nordisk språkteknologi (NST) på Voss har vore grunnlagsmaterialet i utviklinga av systemet. Via Språkrådet, som forvalta NST-ressursane fram til våren 2011, fekk prosjektet tilgang til det norske lydmaterialet. Sommaren 2011 vart det testa ut talestyring av ei nettside som henta informasjon frå vervarslingstenesta yr.no. Testarane valde om dei ville styre nettsida med talen, med musa, med tastaturet eller med ein kombinasjon. Systemet er basert på gjenkjenning av enkle, standardiserte kommandoar. Eit typisk døme er å spørje korleis veret blir i Oslo laurdag kveld. Testarane var personar som har reelle vanskar med å nytte tenester på nettet.

Testen viste at dei som frå før nytta hjelpemiddel, valde talestyring. Dessutan var det raskare å nytte tale enn mus. Talestyring av nettsider vil vere aktuelt for alle typar brukarar. Tenester og program som har kunstige stemmer og kjenner att tale, blir meir og meir vanlege. Derfor er det viktig å følgje med i utviklinga, slik at norsk språk blir brukt på dette feltet.

## Kvensk stedsnavndatabase på nett

En database med kvenske stedsnavn og mange samiske og norske parallellnavn er nå tilgjengelig på nettet. Basen inneholder foreløpig vel 800 navneartikler. I alt er ca. 10 000 kvenske stedsnavn til nå samlet inn og registrert. Databasen redigeres og oppdateres av Kvensk stedsnavntjeneste – Paikannimipalvelus.

Mange kommuner i Troms og Finnmark har kvenske stedsnavn. De navnene vitner om kvensk bosetting, næring og kulturell tilhørighet til landsdelen gjennom flere hundre år.

Kvensk stedsnavntjeneste er en del av stedsnavntjenesten i Språkrådet. Vadsø museum – Ruija kvenmuseum, Norsk kulturråd og Språkrådet har gitt støtte til arbeidet.



*Skallelv / Kallijoki (kvensk) / Gallojohka (samisk) i Vadsø kommune. Foto: Bjarne Riesto*

Kvensk stedsnavndatabase finner du på www.kvenskestedsnavn.no.

# Norsk språkråd ble opprettet for 40 år siden

Den 1. februar 1972 hadde Norsk språkråd – forgjengeren til Språkrådet – det første møtet sitt.

Rettskrivningsspørsmål, godkjenning av språket i lærebøker, språklig rådgivning, jamstilling mellom nynorsk og bokmål, terminologi, språkteknologi og tiltak mot unødvendig bruk av engelsk var noe av det Norsk språkråd arbeidet med.




I 2004 vedtok Stortinget å oppheve lov om Norsk språkråd og omdanne institusjonen til et kompetansesenter for norsk språk. Den nye institusjonen fikk navnet Språkrådet og ble opprettet 1. januar 2005.

– En viktig forskjell mellom Språkrådet og Norsk språkråd er at Språkrådet kan bygge arbeidet på en helhetlig politikk for å styrke norsk språk, nemlig stortingsmeldingen *Mål og meining* fra 2008. En annen forskjell er at Språkrådet arbeider med flere språk enn norsk, blant annet norsk tegnspråk, sier Arnfinn Muruvik Vonen, direktør i Språkrådet.

– Språkrådet er også organisert på en annen måte enn Norsk språkråd var. Språkrådet har fire fagråd med medlemmer fra ulike deler av samfunnet, mens Norsk språkråd hadde en rådsforsamling og en fagnemnd.

*Norsk språkråd etablerte Språknytt i 1973, og Språkrådet førte bladet videre fra 2005.*

## Tre generasjoner språknemnder

Da Norsk språkråd ble opprettet, var det for å avløse den første norske språknemnda, Norsk språknemnd (1952–1972). Den tjueårsperioden var preget av tilnærming mellom målformene.

Neste generasjon var Norsk språkråd (1972–2004). Den trettiårsperioden var preget av konsolidering: Bokmålsrettskrivningen åpnet igjen for tradisjonelle riksmålsformer, og tvungen tilnærming ble avblåst og formelt stadfestet av Stortinget i 2002.

Den tredje og siste perioden begynte med den omdanningsprosessen som startet i 2004. Lov om Norsk språkråd ble opphevet 31. desember 2004. Det nye navnet Språkrådet ble offisielt godkjent av departementet våren 2005. I april 2006 fikk Språkrådet nye vedtekter. I juli samme året ble det første ordinære styret oppnevnt, og senhøstes 2006 var fagrådene på plass.

# MED ANDRE ORD

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

## KAN DEI IKKJE ETA CAKES, DA?

Når avisene det siste året har dekt på med matretter på framsidene, har det mest vori tale om lågkarbofarsotta og smørkrisa. Her skal vi laga plass til meir sukkerhaldige retter, som på bloggar og andre nettsider slett ikkje ser ut til å ha gitt opp karbokampen. Vi snakkar sjølvsagt om *kaker*, eller var det *cakes*?

Nokre av favorittane hos dessertgenerasjonen er *cupcake*, *crumblecake*, *fudge cake* og *cake pops* – og slektningen *cookie*. Skal vi baka til norske alternativ til desse orda?

### «Noko muffins»

Frå tid til anna tek vi heldigvis til oss matvanar frå andre, og dei nye rettene får namn som kan tilpassast språket vårt – anten med nye namn eller med tilpassa uttale. Med matretter har vi ofte valt det siste. *Pizza*, *børek*, *borsj* og *gulasj* er døme på namn som har følgt med maten frå høvesvis italiensk, tyrkisk, russisk og ungarsk. Desse orda blir no bøygde og uttala etter mønsteret i norsk. Vi har ein del matord frå engelsk òg, som bakverka *pai*, *muffins* og *kjeks* frå *pie*, *muffin(s)* og *cake(s)*. Dei to siste er døme på at ord frå engelsk kan få med seg fleirtalsforma inn i den norske eintalsforma, og *kjeks* har tilpassa seg norsk uttale så mykje at det ikkje ligg i dagen kva opphavet er.

### Tek *cakes* kaka?

Det som på amerikansk engelsk heiter *cupcake*, er ein søtare slektning av muffinsen, ofte med glasur så det monar. Vi finn han òg att som *fairy cake* og *patty cake* på engelsk. Fram til 2010 ville vi nok berre ha kalla dette *muffins* på norsk, men no meiner openbert mange at vi treng eit anna ord til bakverket. Om vi set dei engelske orda om til norsk, får vi *koppkake*, *alvekake* og *posteikake*. Dei to første alternativa ser no ut til å vera i bruk på norsk. Av desse er det *koppkake* som er mest bruka, og difor vågar vi oss til å tilrå dette avløysarordet. Det svarar òg til svensk *koppkaka*, som dukkar opp på oppskriftsider i grannelandet.

Ein annan populær nykomar på kakebordet er *cake pops*, små kakekuler på pinne. Det ser ut til at avløysaren her alt er funnen nett i *kakekuler*.

Kva med *crumb(le) cake* og *fudge cake*? Den første kaketypen har faktisk ofte namnet *Streuselkuchen* på engelsk, og vi ser at det er tysk. Det same namnet finn vi i ein del oppskrifter på norsk, ved sida av *strøsselkake*. I tillegg har vi *smuldrepai* eller *smuldrekake*, som er ein annan bakst. Ei kake med *fudge* synest stort sett å ha dei same ingrediensane som ei *konfektkake*, og da treng vi kanskje ikkje spara på konfekten?

Ein amerikansk *cookie* er helst det som på britisk engelsk er *biscuit*, altså *kjeks* på norsk. Amerikansk kjeks kan nok vera stor, men likevel meiner vi at det innarbeidde ordet *kjeks* verkar betre, ikkje minst i bøyingsmønster og uttale.

Daniel G. Ims er rådgjevar i Språkrådet.

# KLIPP

*– SÅ I FAGMILJØET* er det ikke noe dere kaller for «ras»?

– Det må i så fall være et takras. Men vi bruker jo verbet. Vi sier at noe raser ut, ikke at det skreder ut. Og så kan jeg legge til at ordet skred er godt, i den forstand at det favner alt, både snø-, jord-, fjell- og leireskred. Vi sliter litt med engelsk, de har ikke et slikt felles ord.

Geolog ved Norges geologiske undersøkelse, Kari Sletten, intervjua i Adresseavisen

*DER KOM DET!* Nyordet «villsnø» dukka opp i ei radiosending frå NRK Østlandssendingen, med tydinga «snø som ikkje er kunstsnø». [...] «Natursnø er eit omgrep som har vore nytta mellom fagfolk ei tid», melder ein av facebook-venene mine som respons på Språkteigen sitt nyord-nyhende. Det skulle for så vidt berre mangla. Snøkanonen kom til som fylgje av eit arbeidsuhell, (til liks med trekkspelet), og vart patentert i Canada allereie i 1954. Det er på høg tid å få knadd fast terminologi som gjer tydeleg om dei aktuelle snøkrystallane kjem frå skyene, eller frå ein kanon.

Som del av eit omgrepspar, eller òg kalla ein dikotomi (at ein reknar dei respektive omgrepa som djupt forskjellige og som uttømmande alternativ) spelar natursnøen opp mot kunstsnøen. Kunst versus natur har vist seg å vera ei særs fruktbar (i tydinga provoserande) motsetjing. Kva då med villsnøen? Kan me snakka om den menneskeskapte varianten som tam-snø? Var eg marknadsføringskonsulent for eit av dei eminente skitrekka i omlandet, er eg usikker på om eg ville nytta meg av omgrepet tam-snø. Det er litt lite sprut over slikt. Ja, beint fram litt tamt.

Tina Kjerland i innlegg i avisa Hordaland

*OG KAN DET VERA* at det nye svadaspråket, vagt og abstrakt som det er, eigentleg er eit ganske nyttig verktøy for den nye administrative broilerklassen som ryddar seg rom på stadig fleire område i samfunnet, til fortrengsel for fagtradisjonar som byggjer på erfaringar, verdiar og identitetar?

Eit språk som er tomt for meining, er håplaust å argumentera mot. Men når det har fått hegemoni i ein organisasjon eller kultur, er det dette språket som gjeld. Den som insisterer på å bruka eit anna språk, stiller seg utanfor og blir ikkje rekna med.

Vår nye administrative klasse, i offentleg eller privat sektor, er eit produkt av det demokratiske, mjuke, likestilte samfunnet. Dei går ikkje med uniform, ridepisk eller flosshatt. Dei framstår ikkje som autoritære og dei vil oss alle så vel.

Men makt har dei. Og bak det ulne språket ligg det ofte brutale realitetar.

Derfor er det nødvendig å avsløra at keisaren ikkje har språklege klede på. Og dessutan er det ganske moro. Lykke til med språkgeneratoren!

*Kommentator Tom Hetland i Stavanger Aftenblad – om svadageneratoren Språkrådet har laga (http://gamma.kaldera.no/svada)*

KNUT VAN DER WEL,
kommunikasjonsrådgiver i Forskningsrådet



# Ut av komfortsonen

Ære være spesialistspråket, det tørre villniset som du og jeg aldri trenger å vite at finnes. Det språket som for et trenet øye er relevant, entydig, funksjonelt og kanskje til og med vakkert, som gir den klareste beskrivelsen av virkeligheten, og som sørger for at alle ting, også i bokstavelig forstand, går på skinner. Det som forarger og frustrerer mer enn den mest opprørske skjønnlitteratur, og som i beste fall ikke påkaller annet enn blank likegyldighet hos sånne som deg og meg.

Spesialistenes språk pipler frem i bruksanvisninger, i kommunale vedtak, i nyhetsbildet og i smøreboden. I det daglige er vi likevel stort sett befridd fra motstanden i et norsk som slett ikke ligner norsk. Og som noen ganger faktisk er engelsk. Men det er i spesialistspråkene den virkelige språkstriden foregår. Striden som flytter forståelsens grenser, som vinner nytt terreng for oss alle og forandrer alt. Spesialistene er hele verdens frontkjempere.

Likevel er ikke beundringen stor for spesialistenes språk. Forskerspråk forbindes notorisk med uklare budskap svevende omkring i samfunnsdebattens aller tynneste luftlag, som blasse, sprekkeferdige ballonger. Så ille er det at en egen profesjon er vokst frem for å formidle hva forskere sier. Riktignok er forskningsformidling en liten bransje her til lands, men til gjengjeld er den voksende. Folk vil gjerne vite, men de må forstå hva som blir sagt.

Det virker som et paradoks at de klareste hodene ikke skulle makte å formidle sine tanker i et språk som folk forstår. Samtidig er det for lettvint bare å skylde på spesialistene. Hva med oss andre? Er vi blitt så vant til de blankpussede budskapene i politikk, reklame og tabloider at vi detter av lasset straks vi møter noe som er litt mer hårete? Er den språklige barrieren mellom spesialistene og oss andre rett og slett blitt for stor?

Populariteten til nettsteder som *ted.com* tyder på noe annet. Her strekker både eksperter og publikum seg langt ut av sine språklige komfortsoner for å komme i dialog. Et lignende eksempel fra Forskningsdagene i fjor er *Forsker grand prix*, som nylig ble vist på Kunnskapskanalen (NRK2). Deltakerne konkurrerte om å gi den beste presentasjonen av sine doktorgradsprosjekter med bare fire minutter hver til rådighet. Da snakker vi formidlingskunst, det hele til ellevill jubel fra et stadig mer opplyst publikum.

Spesialistenes språk regnes ofte som høyttravende og utilgjengelig, men på sitt beste er det tindrende klart som bare fagspråk kan være. Det tørre villniset er verdt en guidet tur. Kanskje er det mer frodig enn det ser ut?



Foto: golfladi / iStockphoto

*Er det snakk om «innestengt katt» i en spansk roman, betyr det at det er ugler i mosen. Slikt må du vite om du skal få til treffende oversettelser til norsk.*

# Oversettelse av faste uttrykk

■ BENTE TEIGEN GUNDERSEN OG ANNETTE MYRE JØRGENSEN

Faste uttrykk blir flittig brukt som virkemiddel i litteratur, media og ellers. Uttrykkene er ofte en utfordring for oversettere. Det viser seg blant annet når man oversetter faste uttrykk fra spansk til norsk og omvendt.

Gode språkkunnskaper og bred kulturell kompetanse er utvilsomt avgjørende for oversettere. Særlig gjelder det når man oversetter skjønnlitterære tekster som er spekket med allusjoner og kulturelle referanser. Forfattere leker og sjonglerer med faste uttrykk i teksten og gjør ofte små endringer som gir en uventet og ofte humoristisk effekt. Sjanger, stil og språklig register må oversetteren også ta hensyn til, så det gjelder å holde tunga rett i munnen.

## Gjenkjennelse gir god oversettelse

Når man oversetter faste uttrykk, må man først gjenkjenne uttrykket i kildespråket. Dersom oversetteren ikke kjenner uttrykket eller den kulturelle referansen, kan vi få uheldige tolkninger og bokstavelige oversettelser uten mening. Erlend Loes roman *Tatt av kvinnen* er ennå ikke oversatt til spansk. Tittelen henviser humoristisk til en filmtittel som er blitt et fast uttrykk: *Tatt av vinden*. På spansk heter filmen om Scarlett O'Hara *Lo que el viento se llevó* («det (som) vinden tok med seg»). En god oversettelse av *Tatt av kvinnen* til spansk vil derfor være *Lo que la mujer se llevó* («det (som) kvinnen tok med seg»). Filmen som er basert på Loes roman, heter *Gone with the Woman* på engelsk. Her har oversetteren gjort jobben sin, og sikkert også sett filmen *Gone with the Wind*.

## Én for alle – alle for én

Etter gjenkjennelse er neste steg å finne det tilsvarende uttrykket i målspråket. Faste uttrykk, ofte ordspråk, som stammer fra den vestlige litterære, filosofiske eller religiøse tradisjonen, blir også kalt allmenne talemåter. Bibelske uttrykk som *øye for øye, tann for tann* er mer eller mindre identiske på de fleste språk når det gjelder ordvalg, grammatikk og betydning. Det heter *an eye for an eye, and a tooth for a tooth* på engelsk, *ojo por ojo, diente por diente* på spansk og *Auge um Auge, Zahn um Zahn* på tysk. Dette er unike, språklige uttrykk som gjerne ikke har forandret seg på flere tusen år. Typiske allmenne uttrykk kommer også fra litteraturen. Alle har hørt uttrykket *én for alle, alle for én* fra *De tre musketerer*. Uttrykkene er problemfrie for oversetteren dersom han kjenner dem og er i stand til å finne det riktige uttrykket på målspråket. Dersom man ikke forstår et fast uttrykk på kildespråket, kan man heller ikke finne en god oversettelse. Det spanske uttrykket *se le cayó el alma a los pies* ble oversatt bokstavelig med «sjelen falt ned i føttene på ham» i en spansk roman i norsk språkdrakt. Uttrykket betyr at man føler seg nedstemt. På norsk er det hjertet, og ikke sjelen, som er utsatt for tyngdekraften når man er lei seg (*hjertet synker i brystet på en*).

## Med skjegget i postkassa

Det er imidlertid et mindretall av de faste uttrykkene som er enkle å forholde seg til. De aller fleste samsvarer dårlig med uttrykk i andre språk. Idiomatiske uttrykk, altså uttrykk som er særegne i et land og en kultur, har som regel en overført betydning som skapes av helheten av de ordene som danner uttrykket. *Mellom barken og veden* og *love gull og grønne skoger* har lite med skogbruk å gjøre og er typiske idiomatiske uttrykk. En kompetent språkbruker i norsk vet umiddelbart hva de betyr. Hvis de oversettes bokstavelig til et annet språk, forsvinner meningen fullstendig. På spansk bruker man en mer krigersk metafor. Der befinner man seg «mellom sverdet og veggen» (*entre la*

*espada y la pared*) når man er i et dilemma, mens man «lover gullet og maureren» (*prometer el oro y el moro*) når man lover mirakler som vanligvis ikke kan gjennomføres.

Den aller største utfordringen for oversettere er nok uttrykk som er forankret i den nasjonale eller lokale kulturen. I Norge har vi mange uttrykk som stammer fra for eksempel skisporten: *å hoppe etter Wirkola* og *da Oddvar Brå brakk staven*. Prøv å oversette disse til et språk du kan! «To jump after Wirkola» eller «saltar después de Wirkola» ville nok virke merkelig i engelsk- og spansktalende land. Andre eksempler på særnorske uttrykk det slett ikke er enkelt å finne tilsvarende uttrykk for i andre språk, er *å ha vært ute en vinternatt før*, *sitte med skjegget i postkassa* og det Ivar Aasen betegnet som hermestev, som *alle monner drar, sa musa, ho pissa i havet*.

Spansk språk har på sin side en rekke uttrykk fra tyrefektingens verden. Et eksempel er *salir por la puerta grande* («gå ut gjennom den store porten»), som tyrefekteren gjør etter en tyrefektersuksess. I overført betydning betyr det ‘triumferende, seirende’. Et annet eksempel er *entrar al trapo* («gå løs på kluten»), som tyren gjør når den stikker hornene i tyrefekterens røde duk og henger fast. Den overførte betydningen er ‘reagere uten å tenke først’. Mange spanske uttrykk har også sin opprinnelse i vin- og matkulturen, og man henviser ofte til olivenoljens og vinens gode egenskaper: *aceite de oliva, todo mal quita* («olivenolje fjerner alle lidelser»), *a buen vino, buen tocino* («til god vin, godt flesk») og *al pan, pan y al vino, vino* («brød er brød, og vin er vin», i betydningen ’å kalle en spade for en spade’). Fra latin kommer det mange uttrykk, som for eksempel *in vino veritas* («sannheten er i vinen»). I norsk har vi *av barn og fulle folk får man vite sannheten* og *når ølet gjeng inn, gjeng vitet ut*. De spanske ekvivalentene er *los niños y los borrachos no mienten* («barn og fylliker lyver ikke») og *donde entra el beber, sale el saber* («der drikken går inn, går kunnskapen ut»).

### Med hår på tunga og ugler i mosen

I både norsk og spansk finnes det mange uttrykk hvor man bruker kroppslige bilder. *No tener un pelo de tonto* («ikke ha et hår av tosk», i betydningen ‘å ikke være det minste dum’) tilsvarer *å ikke være tapt bak en vogn*. *No ver el pelo a alguien* («ikke se håret på noen») er det samme som *å ikke se snurten av noen*. Når «håret faller av» de spansktalende (*caérsele el pelo a alguien*), får norsktalende snarere *så ørene flagrer* eller *så hatten passer*. *Å sette griller i hodet på noen* er «å spise kokosnøtten/knollen til noen» (*comerle el coco a alguien*) på spansk. «Å få lange tenner» (*ponérsele a alguien los dientes largos*) brukes på spansk som et idiomatisk uttrykk som uttrykker misunnelse. Mens alderen og tiden på norsk *setter sine spor*, sender den regning på spansk (*la edad / el tiem-*

> «Idiomatiske uttrykk, altså uttrykk som er særegne i et land og en kultur, har som regel en overført betydning som skapes av helheten av de ordene som danner uttrykket.»

*po pasa factura*). På norsk har vi et visst antall *år på nakken*, mens det på spansk er ryggen som bærer alderen (*tener x años de vida a sus espaldas*).

Faste uttrykk der man bruker bilder fra dyreverdenen eller naturen generelt, er også vanlige i begge språkene. *Her er det ugler i mosen* kan ikke overføres direkte til spansk, hvor man sier at «det er innestengt katt» (*hay gato encerrado*) når det er noe muffens. Her kjøper vi *katta i sekken* når vi blir lurt, mens man i Spania «gir katt for hare» (*dar gato por liebre*). Vi er *på tynn is* når vi begir oss ut på noe vi ikke helt behersker, mens spansktalende «går i flyvesand» (*estar en arenas movedizas*) eller «balanserer på ei slakk sirkusline» (*en la cuerda floja*).

«Den aller største utfordringen for oversettere er nok uttrykk som er forankret i den nasjonale eller lokale kulturen.»

Et vanlig retorisk grep hos mange forfattere er å vri og vende på faste uttrykk. Man tar gjerne deler av to (eller flere) faste uttrykk, setter dem sammen og skriver dem om i sin egen tekst. Da er det nødvendig at oversetteren gjenkjenner de forskjellige delene av uttrykkene for å kunne lage en god oversettelse. Kjartan Fløgstad er en forfatter som leker uhemmet med faste uttrykk i sine tekster. I romanen *Grense Jakobselv* har han oversatt bokstavelig det spanske uttrykket *no tener pelos en la lengua*, som brukes for å skildre en person som er frittalende og direkte: «Som det blei sagt, var fru Mayen av dei som tok bladet frå munnen, *som ikkje hadde hår på tunga* [vår kursiv], og som snakka rett frå levra.» Her blir det vanskelig å få med seg den komiske undertonen når uttrykket blir bokstavelig oversatt til norsk. Men det er en annen sak, eller som man sier på spansk: Det er «mel fra en annen sekk» (*harina de otro costal*).

Hvorfor alt dette flisespikkeriet? Er det så viktig at faste uttrykk blir korrekt oversatt? Ja, det er det, for forfattere benytter ikke faste uttrykk kun som klisjeer eller for å fylle ut tomrom i romanen. De har vanligvis en retorisk eller stilistisk hensikt med dem. Verdens mest solgte bok etter Bibelen, *Don Quijote de la Mancha*, er et oppkomme av faste uttrykk og ordtak som brukes som retoriske grep for å konstruere skikkelser som Sancho Panza, men også for å skape nye og uventede bilder og språklige konstellasjoner som får leseren til å undre seg eller bryte ut i latter.

Annette Myre Jørgensen er førsteamanuensis i spansk språk og latinamerika-studier ved Universitetet i Bergen og leder forskningsprosjektet COLA om korpus og ungdomsspråk.

Bente Teigen Gundersen er doktorgradsstipendiat i kontrastiv fraseologi ved Universidad Complutense i Madrid, hvor hun også underviser i norsk språk.

# Termbasen SNORRE

■ KJERSTI DRØSDAL VIKØREN

Terminologidatabasen SNORRE ble lansert i oktober i fjor og er nå fritt tilgjengelig for søk blant termer på nynorsk, bokmål, engelsk, tysk og fransk. Med totalt rundt 200 000 termer er SNORRE en av landets største terminologisamlinger.

I samarbeid med Språkrådets terminologitjeneste og med støtte fra Kulturdepartementet har Standard Norge utarbeidet termbasen SNORRE, en av Norges største terminologidatabaser med kvalitetssikret terminologi fra mange fagområder. Termbasen er integrert i Standard Norges nettside, standard.no, og kan også brukes direkte gjennom termbasen.no.

## Omfattende og kvalitetssikret

Omfanget av termer i SNORRE kommer av at det siden midten av 1990-tallet er blitt registrert terminologi som er utviklet eller samlet i forbindelse med standardiseringsarbeid, i elektroniske databaser. Hovedtyngden av materialet er primært hentet fra oversettelser fra engelsk til norsk av europeiske og internasjonale standarder. Standard Norge utgir standarder på de fleste områder, og utviklingen av terminologi er omfattende.

Standarder har terminologikapitler som angir sentrale termer og definerer dem med henblikk på den bestemte standarden de forekommer i. Standard Norge utgir også rene terminologistandarder med termer som gjelder for flere beslektede standarder. Både termer og øvrig innhold i standardene går igjennom en grundig kvalitetskontroll, som blir utført av lingvister og relevante fageksperter. Derfor er standarder en meget verdifull kilde til kvalitetssikret terminologi.

## Mange fagområder

I SNORRE er terminologi fra et bredt utvalg av fagområder samlet i én database. Bedriftsorganisasjon, næringsmiddelteknologi, universell utforming, sportsutstyr og sportsanlegg er noen eksempler på de mange områdene som er representert. Termbasen inneholder mye miljøterminologi siden termene fra miljøtermbasen Milterm er innlemmet. SNORRE har også med mange byggtekniske termer fordi det er oversatt mye på standardiseringsområdet bygg, anlegg og eiendom.

## Termer på nynorsk

SNORRE utgjør et stort løft for norsk terminologi og spesielt for terminologi på nynorsk. Opprinnelig forelå de norske termene i bokmålsform, men før termbasen ble gjort tilgjengelig, ble bokmålstermene oversatt til nynorsk. Intensjonen er at de to målformene skal være likestilte i SNORRE, og at norske termer skal foreligge i begge målformer. SNORRE gir brukerne tilgang til rundt 50 000 nynorske termer, noe som innebærer en viktig domenegevinst for nynorsk fagspråk.

### Moderne teknologi

Termbasen SNORRE er en nyutviklet database med et moderne grensesnitt for søk. I SNORRE kan brukerne enkelt søke blant termer, definisjoner og annen informasjon. Det eneste som kreves, er at man skriver inn et søkeuttrykk. Men ønsker man å gjøre mer avanserte søk, er det mulig å angi en rekke kriterier, som ønsket fagområde eller hvilke deler av termpostene man ønsker å søke i (f.eks. kun blant definisjoner).

SNORRE tillater dessuten brukerne å filtrere søkeresultatene etter ulike kriterier. For eksempel kan man velge å utelukkende få vist treff i termposter fra en spesifikk standard, eller bare termposter der man har fått treff i termer på et bestemt språk. Det kan være svært hensiktsmessig ved søk som returnerer mange treff i databasen.

### Termposter i SNORRE

Innholdet i de ulike termpostene varierer ut fra hvor mange språk som er representert, og hvor mye informasjon som foreligger for de ulike språkene. Postene i SNORRE inneholder normalt termer i tillegg til informasjon om kilder og fagområder, og i mange tilfeller også definisjoner, kommentarer og lignende.

I tillegg til å søke på termer enkeltvis er det mulig å søke i databasen etter lister over termer som er hentet fra en bestemt kilde eller et spesifikt fagområde. Man kan velge å få vist alle termer som er tilknyttet en kilde eller et fagområde angitt i en termpost. Alternativt kan man utføre åpne søk etter termlister fra SNORREs forside.

En kopling mellom kildehenvisningene i termpostene og en nettside med produktinformasjon gjør det mulig både å lese om hva de ulike standardene omhandler, og å åpne standardenes fem første sider for å se hva de inneholder. På denne måten kan brukerne av termbasen SNORRE finne nyttig informasjon om kildetekstene som termmaterialet er hentet fra, og om termenes bakgrunn.

### Oppdateres kontinuerlig

Det er ingen tvil om at SNORRE er blitt godt mottatt siden lanseringen i høst. Termbasen er godt besøkt og har fått positive tilbakemeldinger. Mye tyder på at SNORRE kommer til å spille en viktig rolle som kilde til kvalitetssikret norsk terminologi. Standard Norge gir fortløpende ut nye standarder, og ny terminologi fra ulike fagområder legges til i termbasen. Kontinuerlig oppdatering av databasen betyr at SNORRE stadig blir en enda bedre kilde til terminologi.

### Fordeler med SNORRE

- fritt og gratis tilgjengelig for søk
- stort omfang av termer på flere språk
- kvalitetssikret terminologi
- mange fagområder samlet i én database
- nynorsk og bokmål likestilt
- moderne søkegrensesnitt som gjør det mulig å søke på både termer og termlister samt få informasjon om standarder
- kontinuerlig oppdatering

Kjersti Drøsdal Vikøren er cand.philol. og ansatt i Standard Norge, der hun leder prosjektet for tilgjengeliggjøring av terminologi.

# SNORRE fra et brukerperspektiv

GISLE ANDERSEN

Jeg har hatt gleden av å følge Standard Norges terminologidatabase SNORRE som deltaker i styringsgruppen og har hatt anledning til komme med innspill til utviklingen underveis. Her følger noen betraktinger om termbasens nytteverdi og funksjonalitet.

Standard Norges termbase er egentlig en sammenslåing av to tidligere termbaser som til sammen inneholder over 200 000 termer fordelt på ca. 50 000 termposter fra en lang rekke fagområder. Jeg vil ikke nøle med å karakterisere dette som noe av det viktigste som har skjedd på terminologifeltet i Norge på lang tid. Prosjektet har gjort at svært omfattende terminologiressurser er blitt allment tilgjengelig for brukere. Det er til nytte for alle som arbeider med fagspråk i Norge, slik som oversettere, lærebokforfattere og fageksperter.

## Gode søkefunksjoner

Det er også grunn til å fremheve det brede faglige innholdet i termbasen. Områder som miljø og bærekraft, bygg, anlegg og eiendom er særlig godt representert, men her finnes også terminologi fra områder som arbeidsmiljø, bedriftsorganisasjon og -ledelse, fiskeri, forbrukerspørsmål, helse og IKT.

Jeg har undersøkt en del sider ved termbasen og dens funksjonalitet. Søkevinduet er svært enkelt å bruke, og et vanlig søk gir treff på termposter som inneholder søkestrengen blant termer, definisjoner og merknader på alle tilgjengelige språk. Man kan også velge å begrense søket ved hjelp av et utvidet søk. Det gir mulighet for å søke på innhold som begynner på, inneholder eller er lik den søkestrengen man taster inn. Videre kan man begrense søket til et bestemt språk blant dem som finnes i basen (bokmål, nynorsk, engelsk, tysk og fransk), og man kan spesifisere om søket skal gjelde bare termer, definisjoner eller hele termposten. Men den viktigste funksjonen i det utvidete søket er at man kan begrense søket i henhold til hvilken kilde termposten er hentet fra (hvilket oftest betyr en bestemt standard). Dette er imidlertid ikke helt enkelt, fordi man må slå opp kildeforkortelser fra en egen liste. Her kunne nok en nedtrekksmeny gjort livet enklere for brukeren.

Søkeresultatet er greit og oversiktlig og angir termer, definisjoner, kildeinformasjon og språk for de termpostene som vises. Herfra kan man gå videre til selve termposten og se all informasjon, for eksempel definisjoner og benevnelser på ulike språk, og det er svært nyttig for oversettere og andre språkarbeidere.

## Mer fleksibilitet

Man kan også enkelt avgrense trefflisten ved å klikke på lenker i en sidemeny. Jeg

kunne nok ha ønsket meg noe større fleksibilitet i resultatvisningen. Man er tvunget til å vise ti treff om gangen, og noen mulighet for å laste ned alle treffene under ett finnes ikke. For en oversetter som skal jobbe med et bestemt fagområde, ville det vært gunstig om man hadde kunnet laste ned alle treffene i én operasjon (f.eks. alle termposter som inneholder *miljø-*). En eksporteringsfunksjon for slike resultatlister står dessuten også på min ønskeliste. For øvrig er funksjonen «Vis termer i kilden» svært nyttig, fordi den gir en samlet oversikt over begrepsinventaret knyttet til et bestemt fagområde. Kombinert med søkebegrensingen for språk gir dette en grei oversikt over språkspesifikke termer innen et fagområde knyttet til en bestemt standard.

Gisle Andersen er førsteamanuensis ved Norges handelshøgskole.

## Klarspråksprisen 2011 til Statens pensjonskasse

**Statens klarspråkspris er en påskjønnelse for godt og klart språk i statsforvaltninga og deles ut én gang i året. På klarspråkskonferansen 14. februar overrakte fornyingsminister Rigmor Aasrud prisen for 2011 til Statens pensjonskasse (SPK).**



– Det er et demokratisk problem dersom informasjon ikke når frem til alle som er berørt, sier administrerende direktør Finn Melbø i SPK.

SPK har ansvar for et viktig saksområde og et komplisert budskap som skal formidles til nesten én million brukere. Juryen for Klarspråksprisen har lagt vekt på at SPK har arbeidet lenge og systematisk med klarspråk og gjort en enorm innsats for å endre bedriftskulturen.

– Språkarbeidet er nå en naturlig del av organisasjonsutviklingen, og klart språk er en del av faget uansett fagområde. Det omfattende arbeidet SPK har lagt ned, har gitt gode resultater og høy språklig kvalitet på begge målformer, sier juryleder Kjell Lars Berge.

# Det løner seg å klage!

ASTRID MARIE GROV

Ei av dei faste oppgåvene til Språkrådet er å behandle klagesaker som fell inn under mållova. Dei siste åra har me hatt ein jamn auke i talet på klagar. Det er ikkje bra at det ofte er god grunn til å klage på målbruken i ulike statsorgan, men på den måten har me fått betre oversyn. Og viktigast: Klagane fører ofte fram.

Alle statsorgan har plikt til å bruke bokmål og nynorsk i tråd med reglane i *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Lova er til for å sikre ei jambyrdig veksling mellom målformene i statstenesta. I § 1 kan me lese: «Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune.» Me kan, grovt sett, oppsummere to typar krav i mållova: 1. Statsorganet skal veksle mellom målformene i skriftlege publikasjonar. 2. Kontakten som private rettssubjekt og kommunar har med staten, skal vere på deira eiga målform. Språkrådet kjenner til at desse reglane i mange tilfelle ikkje blir etterlevde. I tilsynsarbeidet vårt får me kvart år tilbakemelding frå kring 160 landsdekkjande statsorgan om korleis dei vekslar mellom bokmål og nynorsk. Det finst òg mange *regionale* og *lokale* statsorgan, men dei fører me ikkje systematisk tilsyn med. Difor er innspel frå publikum til god hjelp for å få vite meir om målbruken der. I mange tilfelle er det dei regionale og lokale statsorgana som har den mest synlege publikumskontakten, og difor er det særleg viktig at desse statsorgana får beskjed når dei ikkje oppfyller krava i mållova.

> «Retten til å klage på brot på mållova er nedfelt i sjølve lova og gjeld både privatpersonar og organisasjonar.»

### Det hjelper å klage!

Mållova gjeld fleire sider ved det norskspråklege tilfanget til eit statsorgan. Gjennom det årlege tilsynsarbeidet får Språkrådet vite korleis det står til med målbruken i publikumsretta tekstar frå dei sentrale statsorgana. Men for at me skal ha oversikt over andre krav i mållova, til dømes i kva grad statsorgana svarar i den målforma innsendaren har brukt, og om dei har skjema og faste formular på både bokmål og nynorsk, treng me hjelp frå publikum.

Dei siste åra har me mellom anna fått fleire klagar på at det har blitt sett opp skilt på bokmål langs vegar i kommunar med nynorsk som målvedtak. Det ansvarlege statsorganet har fått beskjed, og skilta blir endra. Språkrådet har òg nyleg fått klagar på at vinmonopolutsala alltid har skilt på bokmål, også i nynorskkommunar. Skilta kjem no til å

kome på nynorsk. Som eit tredje døme kan me nemne at me jamleg får klagar på at skjema berre ligg føre på bokmål. I dei fleste tilfelle fører klagane til at nynorskversjonen kjem på plass raskt.

## Klaging gjev kunnskap

Retten til å klage på brot på mållova er nedfelt i sjølve lova. Både privatpersonar og organisasjonar kan klage. Dei siste åra har Språkrådet hatt ein jamn auke i talet på klagesaker. Desse sakene gjev Språkrådet viktig kunnskap om korleis reglane blir etterlevde, og slik kan me òg lettare føreslå tiltak der det trengst mest. Det kan vere tale om meir informasjon om regelverket, framlegg om gode rutinar eller tilbod om nynorskkurs. Dersom statsorgana blir minte om målbruken oftare, aukar sjansane for at det blir etablert ein god praksis.

«Dersom statsorgana blir minte om målbruken oftare, aukar sjansane for at det blir etablert ein god praksis.»

Årsaka til at statsorgan bryt mållova, kan vere samansett, men ein av grunnane er at dei kjenner regelverket dårleg. Såleis kan ei påminning føre til at statsorgan blir meir medvitne om sin eigen målbruk. Det kan i mange tilfelle òg vere fint for statsorgana å vite at publikum, ikkje berre Språkrådet, følgjer med i målbruken deira. Ei anna vanleg årsak til brot på mållova er utskifting av tilsette. Nye medarbeidarar blir kanskje ikkje informerte godt nok om kva reglar som gjeld. Då kan det vere nyttig for statsorganet å bli mint om regelverket, slik at det kan etablere gode rutinar. Bidrag frå klagarar kan såleis ofte føre til at krava blir oppfylte i framtidige saker frå det same statsorganet, og me unngår at eit dårleg handlingsmønster blir til ein husregel. På den måten kjem ein klage på eit mållovsbrot fleire enn klagaren til gode.

## Språkrådet er der for deg

Dersom du lurer på om du har med eit brot på mållova å gjere, og er usikker på om du skal sende inn ein klage, kan du gå inn på www.sprakradet.no. På nettsidene våre finn du informasjon om regelverket og kontaktinformasjon til oss som arbeider med mållova. Og hugs: Det hjelper å klage!

Astrid Marie Grov er rådgjevar i Språkrådet.




Foto: Berit Keilen / Scanpix

*Vegskilt skal vere på nynorsk i kommunar med nynorsk som målvedtak. Er det feil målform, kan du klage til Språkrådet.*

# Monopol på ord

SOLRUN DOLVA

Det er fullt mulig å få enerett til ord, såkalte varemerker. Og det kan være store penger å tjene på dem. Tenk bare på den økonomiske verdien av de fem bokstavene A-P-P-L-E.

Enkelte ord kan ha stor økonomisk betydning og derfor være et viktig konkurransefortrinn for næringslivet. Varemerker hjelper forbrukerne med å velge mellom ellers like varer. For hvordan kan man se forskjell på tuber hvis alt heter tannkrem?

## Hva er et varemerke?

Et varemerke er et særpreget kjennetegn for varer og tjenester. Et varemerke kan bestå av alle slags tegn og må kunne gjengis grafisk. Det kan altså bestå av ord og ordforbindelser (som slagordet «Rent mel i posen» for bakverk og brød), navn, logoer, figurer (traktoren til Moods of Norway), bokstaver og tall (parfymen 4711), eller kombinasjoner av slike.

Et varemerke kan enten innarbeides eller registreres i varemerkeregisteret i Patentstyret. Man *registrerer* altså et varemerke, mens man *tar patent* på en ny, teknisk oppfinnelse.

Opprinnelig var varemerker todimensjonale. Nå er det anledning til å registrere mer utradisjonelle merker, som bevegelsesmerker (Nokias hender som griper hverandre), tredimensjonale merker (en spesiell emballasje) eller lydmerker (lyden når du åpner dataprogrammet Windows Vista). Noen har forsøkt å registrere luktmerker også, men dem er det vanskelig å gjengi nøyaktig grafisk.

## Varemerkets funksjon

Hensikten med varemerker er å garantere produktenes kommersielle opprinnelse. Varemerket har en garantifunksjon som sørger for at forbrukeren kan finne frem til produsenten av varen eller tjenesten eller dem varemerket er lisensiert til. I tillegg kan varemerket ha en image-assosierende funksjon: Drikker du VOSS-vann, slukker du ikke bare tørsten, men viser samtidig at du har penger og velger sunt. For varemerkeeierne er varemerket viktig for reklame, kommunikasjon og investering. Noen varemerker fremstår som eget symbol og har en selvstendig kommersiell verdi, slik som Coca-Cola. Ordene blir mer verdt enn den fysiske verdien av produktet selv og alle produksjonsmidlene.

Ordene *varemerke* og *merkevare* brukes ofte om hverandre, men de er opprinnelig to ulike begreper. VOLVO er varemerket til AB Volvo, mens «kvalitet, trygghet og miljøvennlig» er merkevaren. Et annet eksempel er NIKE. Ordmerket NIKE, eller «Svosjen» (som faktisk representerer vingen til den greske gudinnen Nike), er varemerket, mens merkevaren er «å forbedre folks liv gjennom idrett og trening». Merkevaren er altså det avtrykket eller den følelsen merkeeieren ønsker skal sitte igjen hos forbrukerne når de ser varemerket.

### Kan alle ord registreres?

Flere krav i varemerkeloven må være oppfylt før Patentstyret kan gi noen enerett til ett eller flere ord. Et varemerke må ha særpreg og oppfylle garantifunksjonen. Årsakene er at vi som forbrukere skal kunne skille én vare fra en annen, og at det skal være mulig for andre som skal tilby samme eller lignende produkt eller tjeneste, å bruke nærliggende ord for å beskrive varen eller tjenesten. Kort sagt kan man si at jo mer fantasipreget et ord er, jo mindre problematisk er det å gi noen enerett til det. Dilemmaet er at søkerne ofte ønsker ord som nettopp beskriver produktet, fordi det forenkler kommunikasjonen med forbrukerne. Ofte er de sterkeste og mest kjente varemerkene ganske fantasifulle, og det er gjerne dem vi forbrukere fester oss ved.

Tenk bare på M-en til McDonald's eller de norske varemerkene Gilde og TINE. De sistnevnte henspiller på noe som har med mat å gjøre, men beskriver ikke varene. Ordene oppfattes lett som en enkelt produsents varemerke og er derfor uproblematisk å gi enerett til. Det er ikke noe behov for å holde ordet ledig for andre produsenter.

Et varemerke må ikke kunne forveksles verken fonetisk eller visuelt med tidligere registrerte varemerker eller foretaksnavn, og det må ikke villede eller stride mot loven.

### Hvor langt strekker eneretten seg?

Hvor langt konkurrentene må legge seg fra et annet merke, kommer an på hvor originale merkene er, og hvor ulike eller like varene eller tjenestene er. Jo-Bolaget har måttet finne seg i at Tines Go'Morgen-yoghurt blir brukt ved siden av deres GOD MORGON-appelsinjuice.

Noen ganger er et ord innarbeidet i en bransje før det dukker opp i et oppslagsverk. Da kan Patentstyret foreta feilregistreringer. Heldigvis har Patentstyret et system som gjør at markedet selv kan reagere ved å sende en innsigelse, og dermed får Patentstyret muligheten til å revurdere avgjørelsene. Internett er et godt hjelpemiddel for å se om en betegnelse er mye brukt om varer eller tjenester i et marked, eller om det er et varemerke. (Jeg skriver bevisst ikke «google» for da er jeg med på å degenerere varemerket Google.)

> «Et varemerke må ikke kunne forveksles med tidligere registrerte varemerker eller foretaksnavn, og det må ikke villede eller stride mot loven.»

### Når varemerket blir varen

Når varemerket blir synonymt med varen, sier vi at det blir degenerert, og varemerket mister markedsverdi. Dette kan lett skje når et produkt er nytt og det bare er én tilbyder på markedet. Da lanseres og brukes ofte varemerket synonymt med varen. Eksempler på varemerker som er degenererte, eller i fare for å bli det, er *termos* og *nylon*. Dette er opprinnelig varemerker, men de blir brukt om selve produktet. Et nyere eksempel er klesplagget man trekker over hodet og kan bruke som lue og hals. Her har varemerket BUFF en stor del av markedsandelen, og produsenten jobber aktivt for at varemerket ikke skal brukes generisk. Når man skal mar-

kedsføre et helt nytt produkt, er det derfor viktig å presisere at det er et varemerke og ikke selve varen. Det kan man gjøre ved å bruke ® (hvis varemerket er registrert) eller TM.

### Fyord

Patentstyret skal ikke registrere varemerker som strider mot moral eller offentlig orden. Det er dermed enkelte fyord Patentstyret ikke registrerer. Hvis man har et varemerke som skal lanseres internasjonalt, er det lurt å sjekke betydningen av ordet på flere språk. Det er flere som har fått seg en ubehagelig overraskelse fordi varemerket skaper assosiasjoner man slett ikke ønsker. Toten Transport fungerer fint i Norge, men vil kanskje slite litt mer i Tyskland.

Det er ikke bare fyord som er problematiske. Patentstyret registrerte sommeren 2008 Bøygen, Anitra, Juv og Verdensborgeren og ga dermed en kommersiell aktør enerett til ord og navn fra Ibsens drama *Peer Gynt*. At Patentstyret ikke hadde noe regelverk som kunne hindre dette, satte sinnene i kok over det ganske land og skapte debatt om hvorvidt noen bør få lov til å registrere varemerker knyttet til vår felles kulturarv. Navnet Peer Gynt kunne derimot ikke Patentstyret registrere for bøker eller kulturelle aktiviteter, for etter varemerkeloven kan man ikke registrere noe som kan oppfattes som *tittelen* på et vernet åndsverk. Når verket ikke lenger er vernet, er det ikke automatisk noen hindringer for registrering, men hvis varemerket består av tittelen på et åndsverk, vil det kunne være beskrivende for innholdet og dermed nektes fordi det ikke har nok særpreg.

> «Når varemerket blir synonymt med varen, mister det markedsverdi.»

### Nye ideer, gammeldags språk

Patentstyret jobber med ord og nyskapte ideer. Det interne stammespråket i den 100 år gamle organisasjonen er likevel preget av mange kronglete ord som *distinktivitet*, *prioritet*, *respitt* og *telle quelle*. Dette er et resultat av at immaterialrettsfeltet er preget av internasjonalt samarbeid og til dels gammelt lovverk. Vi er heldigvis klar over dette og bestreber oss på å kommunisere slik at kunden forstår oss. Vår visjon er jo å hjelpe næringslivet med å gjøre ideer til verdier!

Solrun Dolva er seksjonssjef i seksjon for nasjonale varemerker i Design- og varemerkeavdelingen i Patentstyret.



# Nye ord i 2011

Språkrådet kåra *rosetog* til ordet for 2011. Ordet oppstod i dagane etter 22. juli, då det vart skipa til rosetog over heile landet. *Rosetog* vart til etter mønster av mellom anna *fakkeltog*, slik ordet for 2010, *oskefast/askefast*, vart til etter mønster av *vêrfast/værfast*. Det er ikkje sikkert at *rosetog* vil feste seg som eit vanleg ord i norsk på lengre sikt, men alt tyder på at det vil leve vidare i historiebøkene og i forteljingane frå sommaren 2011.

Fleire nye ord dukka opp i kjølvatnet av hendingane sist sommar, blant anna ein del andre samansetningar med ordet *rose*. Seinare spreidde også ord som *ytringsansvar* og *kontrajihadisme* seg.

Andre ord frå aktuelle hendingar i fjor er *sjasminrevolusjon* og *den arabiske våren*. I Europa var *gjeldskrise* og *eurokrise* mykje brukte, mens nordmenn mot slutten av året var opptekne av *smørkrisa*, som somme såg i samanheng med *lågkarbo* – eit anna populært ord det året. *Kulturkjerring* vart også eit omgrep i fjor. På teknologifronten såg ordet *strøyming/strømming* ut til å feste seg, altså den norske forma av det engelske *streaming*. Også ordet *nettbrett* slo an.

## Svenske og danske nyord

I dansk og svensk dukka det også opp nye ord i 2011. Somme svarar til ord som kom inn i norsk, men interessant nok er det unntaket. Dansk Sprognævn har til dømes merka seg *arabisk forår* (arabisk vår), *egotid* (tid som ein bruker berre på seg sjølv), *facebookdepression* (kjensle av einsemd fordi ein manglar sosial kontakt på Facebook), ungdomsord som *episk* (storslått, storarta; ny betydning) og *omg* (forkorting for «Oh my God», brukt i rolle- og dataspel) og it-ord som *geosociale netværk* (sosiale nettverk supplerte med geografisk informasjon om stader og personar).

Språkrådet i Sverige har lyft fram blant anna *jasminrevolutionen*, *juholtare* (frå den innanrikspolitiske debatten), *attitydinkontinens* (manglande evne til å halde inne med kva ein synest), *flipperförälder* (forelder som vågar å la barna greie seg på eiga hand), verbet *appa* (om det å bruke applikasjonar), *kapselbryggare* (espressomaskin der kaffipulveret ligg i kapslar) og *gps-väst* (vernevest med innebygd gps).



*Foto: Anders Wiklund / Scanpix*

*Svenskane fekk nyordet* juholtare *i 2011. Ordet spelar på utsegner frå Håkan Juholt, som var leiar for Socialdemokraterna – det svenske arbeidarpartiet – i berre ti månader.*

# Ordene som vinner

PER KRISTIAN BJØRKENG

Vi som forsøker å dyrke norsk teknisk terminologi, tenker for lite over at vi må konkurrere med engelsk. Korthet, klang, rytme og assosiasjonskraft blir tillagt for liten vekt når vi skaper ord på norsk. Tror du for eksempel at termen *minibærbar datamaskin* kommer til å slå an?

Som journalist i Aftenposten dekker jeg mye teknologisk stoff. Jeg vil gjerne bruke gode, norske ord i tekstene mine. Men det er ikke alltid så lett, selv om det finnes norske alternativer. Å få de dekkende ordene til å fenge er ofte vanskelig. En flom av nye og populære engelskspråklige termer strømmer inn over feltet. Heldigvis har Språkrådet etablert en gruppe som tar nettopp det på alvor, og som aktivt forsøker å stimulere til bruk av norske termer.

## Gode norske termer?

Arbeidet har foreløpig resultert i en liste med anbefalte norske termer. Noen av forslagene er strålende, som for eksempel *trykkskjerm* som alternativ til *touch screen*.

Men mange av forslagene er også et godt stykke ute på jordet. For eksempel er en iPad ifølge gruppas termliste en *tavle-PC*. Bare i «dagligtalen» omtales en iPad som et nettbrett, heter det. Eller ta *minibærbar datamaskin*, som er gruppas forslag til den som vil bruke noe annet enn det engelske *netbook*. Det er ikke bare altfor langt, men halter også. Termen antyder en datamaskin som er minimalt bærbar – den rake motsetningen til en netbook. Så har det da heller aldri slått an.

Hvorfor virker disse velmente forslagene så håpløse at jeg som språkbruker aldri vil finne på å bruke dem? Jeg forsøker selv å skape norske ord en gang iblant. De fleste slår aldri an. Men noen lykkes. Jeg har forsøkt å se litt på hvilke ord som lykkes, og tror jeg har funnet frem til noen enkle mekanismer som avgjør om et ord klarer å gjøre seg gjeldende i raset av engelske uttrykk.

Blant teknisk orienterte språkbrukere er regelen at alle kjenner den engelske termen først. Det norske alternativet fremstår ofte mer som forslag man kan velge å bruke hvis man har et bevisst forhold til norsk språk. For at et norsk alternativ virkelig skal lykkes, må det være så bra at språkbrukeren faktisk foretrekker det. Det må være bedre i en norsk munn.

> «For at et norsk alternativ virkelig skal lykkes, må det være så bra at språkbrukeren faktisk foretrekker det.»

Er man heldig, klarer man å utbre det norske alternativet såpass at det i hvert fall eksisterer ved siden av det engelske i språkbrukerens bevissthet når valget skal tas. For eksempel ligger *minnepinne* ved siden av *USB-stick* i hodet til de fleste. Akkurat dette er et eksempel på at det norske ordet er å foretrek-



Foto: mishooo / iStockphoto

ke fremfor det engelske, og *minnepinne/USB-pinne* har da også vunnet frem.

## Ord som smaker

La oss si at både det engelske og det norske alternativet er dekkende for det objektet jeg vil omtale. Hvilket velger jeg som språkbruker da? Jeg velger ikke et ord fordi Språkrådet foretrekker det. Jeg velger det som ligger best i munnen. I munnen ligger det ordet som scorer best på en sum av faktorer: korthet, klang, rytme og assosiasjonskraft.

Ta et par eksempler som er blant mine hjertebarn. *Lesebrett* og *nettbrett* er begge ord jeg mener å ha vært først ute med å bruke, og som har slått så godt an at de er dominerende i norsk på sine felter. De dekker henholdsvis de engelske *e-reader* og *tablet*.

I dag høres *nettbrett* helt naturlig ut på norsk. Det brukes daglig i pressen, uten nærmere forklaring. Men for bare halvannet år siden hadde det knapt vært brukt tidligere. Da jeg satt og forsøkte å finne ut hva jeg skulle kalle iPad før jeg visste hva enheten kom til å hete, før Apple hadde offentliggjort nyheten, måtte jeg ha et ord. *Skjermplate* var ett alternativ. *Tavle-PC* et annet. *Nettbrett* var overhodet ingen selvfølge.

De tre er totalt forskjellige ord, uten en eneste felles bestanddel. Hvorfor vant da *nettbrett*? Det viktigste var nok at det engelske ordet *tablet/tablet-PC* ikke umiddelbart kan adopteres på norsk. A-en uttales på engelsk som en æ, «tæblet». Dette gjør at det engelske alternativet lyder fremmed på norsk (selv om vi har mange eksempler på at engelsk uttale kan vinne frem også i norske ord, som i det korte, effektive og dermed uovervinnelige *pub*). For at et engelsk ord skal lykkes her til lands, er det viktig at det ligger godt i munnen på en nordmann. *Blog*, for eksempel, kunne gå rett inn i norsk, bare utstyrt med en fornorskende dobbel g til slutt.

*Tablet* trengte altså et norsk alternativ. Men hvilket? *Skjermplate* lyder jo i

utgangspunktet greit, det også. Men da jeg skulle velge ord, dagen før iPad ble lansert, tenkte jeg omtrent slik da jeg satt og smakte på ordene: *Skjermplate*, nja, enheten har jo en skjerm, og det er en plate, men hvordan vil da en skjermplate/tablet skille seg fra et lesebrett? Et lesebrett vil jo også være en skjermplate. Siden de to produktene kommer til å eksistere side om side, trenger vi en distinksjon. Vi trenger norske ord for begge. Forskjellen fra et lesebrett, tenkte jeg, er at en iPad også kan brukes til å vise levende bilder. Den har noe mer, den har muligheten til å vise alle medier. *Mediebrett*? Nja, da får man ikke frem det sentrale poenget at enheten er tilkoblet Internett. Ordet *nett* er derfor mer dekkende enn *medie*. Og nettet viser jo alle slags medier. Det måtte bli noe med *nett*. Hva så med den siste delen av ordet, *brett*? I motsetning til en plate, som kan være nærmest uendelig stor, har et brett en begrenset og håndterbar størrelse. Et brett er i hvert fall noe helt annet enn en tavle, som i *tavle-PC*. Ordet har ikke slått an blant annet fordi *tavle* gir helt gale assosiasjoner. På norsk dekker en tavle en hel vegg i et klasserom.

«Klang, korthet, rytme og assosiasjonskraft er viktige faktorer som i sum kårer vinneren når språkbrukerne i fellesskap bestemmer hvilket ord som skal bli brukt.»

## Lett med *nettbrett*

I tillegg er vinneren kortere: *Nettbrett* har bare to stavelser. Alt som er kort, har sterkere konkurransekraft enn det som er langt. Lange ord bruker vi bare fordi vi ikke har like gode korte alternativer.

*Nettbrett* inneholder også et bokstavrim og sitter fint rytmisk. Alle ord som klinger med likelydende vokaler, eller vokaler som klinger godt sammen, er litt mer fristende å uttale. Et ganske godt eksempel er *lesebrett* kontra *leseplate*. Jeg har drevet en aldri så liten vennskapelig konkurranse mot Eirik Newth, der vinneren får «sitt» ord inn i norsk. Han, som er Norges mest profilerte uavhengige ekspert på e-bøker, har kjempet for *leseplate*. Både *leseplate* og *lesebrett* er fullt ut akseptable og gode nok som norske ord. Begge er bedre enn det forferdelige *e-reader*. Men *leseplate* er faktisk en hel stavelse lengre enn *lesebrett*. I tillegg mangler det bokstavrimet som *lesebrett* kan tilby. På toppen av alt gir *brett* mer direkte assosiasjoner til det du kjenner på når du har en Kindle i hånden. Derfor vant *lesebrett* over *leseplate*.

Altså: Klang, korthet, rytme og assosiasjonskraft er viktige faktorer som i sum kårer vinneren når språkbrukerne i fellesskap bestemmer hvilket ord som skal bli brukt. Siden språket vårt hele tiden må konkurrere med etablerte termer på engelsk, bør alle vi som skaper ord, ha disse vinnerfaktorene i bakhodet når vi smir fremtidens vokabular.

Teksten er basert på et foredrag for Språkrådets datatermgruppe og har vært publisert på Språkrådets nettsider. Les mer på www.sprakradet.no/tema/terminologi-og-fagspraak.

Per Kristian Bjørkeng er forfatter og journalist i Aftenposten.

# OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet. Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk. Vi vil gi det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og arbeider for å auke kunnskapen om norsk språk.

Dette gjer Språkrådet for å styrkje stillinga til det norske språket:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk.
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen kvart år for å skape debatt om aktuelle utfordringar for norsk språk.
- Vi har ei språkteneste for statsorgan som gir råd til statstilsette om korleis dei kan skrive klart og godt og få ei jamnare fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi har ei terminologiteneste som samordnar utvikling og tilgjengeleggjering av norsk terminologi og fremjar bruken av norsk fagspråk.
- Vi har ei tilsynsteneste som følgjer med på om statsorgana følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk.
- Vi informerer om norsk teiknspråk og samarbeider med aktørar på feltet.
- Vi har ei stadnamnteneste som gir råd om korleis stadnamn skal skrivast på kart og vegskilt.
- Vi arbeider for at IKT-produkt skal byggje på norsk tekst og tale, og samordnar ei datatermgruppe som foreslår nye, norske dataord.
- Vi deler ut Språkprisen for framifrå bruk av bokmål og nynorsk i sakprosa.
- Vi gir diplom til næringsdrivande som har gitt verksemda eit godt, kreativt norsk namn.
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrkjer bruken av norsk.
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg.

Direktøren i Språkrådet er leiar for 33 tilsette. Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkunnige og språkengasjerte personar frå heile samfunnet. Fagråda gir innspel og råd om saker på sine fagfelt.

www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

SPRÅKRÅDET
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLEG REDAKTØR:
Arnfinn Muruvik Vonen

INFORMASJONSSJEF:
Svein Arne Orvik

REDAKTØRAR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@sprakradet.no

Åsta Norheim
asta.norheim@sprakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@sprakradet.no

Signerte artiklar frå
eksterne skribentar står
for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når kjelda er
oppgitt.

OPPLAG: 12 000
Tekstene i dette nummeret
finst òg på Internett:
www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta
10.02.2012

LAYOUT: Marit Heggenhougen
www.cmykdesign.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

B
NORGE/NOREG
P.P.
DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

# HISTORIA BAK

## KVIFOR SKIL GEITER SEG UT FRÅ HESTAR OG SAUER?

Bokmål har fleirtalsendinga *-er* i både *hester*, *sauer* og *geiter*.
Nynorsk har fleirtalsendinga *-ar* i *hestar*, men *-er* i *sauer* og *geiter*.
Norrønt har fleirtalsendinga *-ar* i *hestar*, men *-ir* i *sauðir* og *-r* i *geitr*.

I norrønt har *hestar* og *sauðir* to stavingar, *geitr* har berre éi. Norrøne ord som hadde to stavingar, slik som *hestar* og *sauðir* (og fleire hundre andre substantiv og verb), har fått tostavingstonelag (tonem 2) i moderne norsk. Norrøne ord som hadde éi staving, slik som *geitr*, har fått einstavingstonelag (tonem 1) i moderne norsk. Dette gjeld berre nokre fåe substantiv, men ganske mange verbformer. Døme på substantiv er:

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| norrønt: | hǫnd hend-**r** | rǫnd rend-**r** | stǫng steng-**r** | strǫnd strend-**r** | tǫng teng-**r** |
| nynorsk: | hand hend-**er** | rand rend-**er** | stong steng-**er** | strand strend-**er** | tong teng-**er** |
| bokmål: | hånd hend-**er** | rand rend-**er** | stang steng-**er** | strand strend-**er** | tang teng-**er** |

a b
I den forteljande setninga *Stenger stenger døra* har *stenger a* opphav i norrønt *stengr* (som er fleirtal av substantivet *stǫng*), og difor har dette ordet tonem 1 i moderne norsk. *Stenger b* har opphav i norrønt *stengir* (som er presens av verbet *stengja*), og difor har dette ordet tonem 2 i moderne norsk. Alle høyrer skilnaden.

b a
I spørjesetninga *Stenger stenger døra*? har *stenger b* opphav i norrønt *stengir* (som er presens av verbet *stengja*), og difor har dette ordet tonem 2 i moderne norsk. *Stenger a* har opphav i norrønt *stengr* (som er fleirtal av substantivet *stǫng*), og difor har dette ordet tonem 1 i moderne norsk. Alle høyrer skilnaden her òg.

Svein Nestor, cand.philol.

RETURADRESSE:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

ISSN 0333-3825